



Det var god førjulsstemning i Vonheim lørdag. Då vart det invitert til julverkstad, og over 30 barn stilte opp saman med foreldre. I år er det tredje gang denne juleverkstaden vert arrangert, og det er tydeleg at den er populær. Dei som har vore med ein gang, kjem att det neste året.



Det var lagt opp til ulike stasjonar som barna kunne vera med på, og såleis hadde ein teke i bruk både kjellar- og hovudetasjen. Her kunne dei laga mykje fint og godt til jul. Dei kunne perla, laga ulike ting av melkekartongar, laga tova ting for å nemna noko. Men aller mest freista nok sikkert dei nydelege marsipanfigurane. Her kunne ein vera vitne til fornøgde barn i lysteleg aktivitet.



Juletonar frå CD- spelar var med og skapte den rette stemninga saman med servering av pepperkaker, muffins, saft og kaffi.

Ansvarlege for juleverkstaden var Anne Grete Sjo Musland, Ingunn Myklebust og Anne Kjersti H. Lunde. Dei var naturleg nok strålende fornøgde og kunne melda om svært god hjelp frå andre foreldre. Eit kjempepopulært tiltak som samlar deltakarar frå heile bygda, og vi kjenner oss sikre på at den vert arrangert for fjerde gang om eit års tid.



Av Thor Inge Døssland

